Utfyllande notat om forståing og praktisering av tevlingsreglementet i FolkOrg

FolkOrg 2024

Utfyllande notat om forståing og praktisering av tevlingsreglementet i FolkOrg

Sist revidert oktober 2025

FOLK ORG Organisasjon for folkemusikk og folkedans

NOTATET ER DELT INN I FØLGANDE KAPITTEL:

1. Innleiing - bakgrunn for notatet

2. Gjennomgang av tevlingsreglementet med presiseringar

3. Ansvarsfordeling mellom dommarar og styret i FolkOrg under Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

1. Innleiing – bakgrunn for notatet

Det har vorte vedteke at det skal lagast eit notat som viser grunnarbeidet for tevlingsreglementet. Notatet vil syne kva for vurderingar som har vore gjort og vere ei forklaring på arbeidet som ligg bak tevlingsreglementet. I dette notatet skal ein også vise til praktiske døme der tevlingsreglementet kan brukast.

Notatet kan også gje rom for drøftingar, refleksjonar og grunngjevingar som det naturlegvis ikkje er plass til i tevlingsreglementet. Tanken er at dokumentet skal vere noko meir dynamisk og lettare å endre enn sjølve tevlingsreglementet.

Dette dokumentet er utarbeidd med særskild tanke på tevlingar i regi av FolkOrg; Landskappleiken (LK) og Landsfestivalen i gammaldansmusikk (LF).

Dokumentet skal vere til hjelp for dommarar både før og under tevlingar. Tanken er at dei kan bruke det som ei nyttig kjelde og rettleiing i tolking og bruken av tevlingsreglementet. Dokumentet er også tiltenkt deltakarar og publikum som ynskjer å få meir kunnskap om tevlingsreglementet og arbeidet med dømming.

Dokumentet er bygd opp slik at ein går kronologisk gjennom tevlingsreglementet slik det føreligg per dags dato, og tek for seg dei punkta i tevlingsreglementet ein ser kan trenge utdjuping eller utheving av eitt eller anna slag.

Etter kvar gjennomføring av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk kan dommarane kome med attendemeldingar. Dette blir grunnlag for årlege revisjonar og oppdateringar av dette dokumentet.

2. Gjennomgang av tevlingsreglementet med presiseringar

I denne delen blir det trekt fram punkt eller deler frå tevlingsreglementet som ein vil utheve og/eller utdjupe.

Utdrag frå tevlingsreglementet er i plassert i tekstboks, med kommentar under.

A. Generelle reglar

3. Ansvar

- Arrangørar av lokale kappleikar har sjølv ansvar for tilpassing av reglementet, gjennomføring av det enkelte arrangement og for eventuelle tvistar om arrangementet.
- Den lokale arrangøren har ansvaret for å leggje tilhøva til rette slik at både den musikalske og tekniske gjennomføringa av tevlingane er sikra på best mogleg måte, og for at utøvarane blir sleppte fram på scena ifølgje reglementet.

Det er viktig at lokal arrangør legg til rette for at deltakarane har gode tilhøve. Dette gjeld heilt frå deltakaren registrerer seg til utøvaren har gått av kappleiksscena. Ei god organisering bak scena er heilt avgjerande for ein god flyt i programmet, og for at deltakaren får ei god oppleving på kappleiken.

4. Utøvarane

- Synleg rusa utøvarar blir nekta å delta.

Regelen handlar om å skjerme utøvarane for ei ubehageleg oppleving på scena. Mistanke om rus er ikkje nok til å nekte utøvarar, men ved synleg påverknad skal arrangør utsette startnummeret og kontakte styret i FolkOrg. Det er styret i FolkOrg eller representantar frå styret som avgjer om ein synleg rusa utøvar ikkje kan få delta. Det skal alltid vere to eller fleire personar frå styret som ilag tek denne avgjersla. Dette er for at lokal arrangør ikkje skal måtte ta ei vanskeleg avgjerd og stå i denne type ubehagelege situasjonar.

LK og LF er viktige møteplassar for miljøet vårt, der folk møtast på tvers av generasjonar. Det er viktige å vere gode rollemodellar særskild for dei yngre som er tilstades på kappleik og festival. FolkOrg har sidan 2020 jobba målretta under vegleiing av Balansekunst, for å gjere møteplassane i organisasjonen til trygge og inkluderande arenaer for alle. Å vere medveten til risikofaktorar knytt til alkohol er ein del av dette arbeidet.

4. Utøvarane

- På Landskappleiken og Landsfestivalen er det ikkje høve til å delta i solo-klassar meir enn ein gong med same instrument. I lagspel, gruppespel og andre samspel-klassar kan ein delta fleire gonger med same instrument.
- Ein kan delta fleire gonger i lagdans.

FolkOrg ynskjer at ein på kappleik og festival kan få oppleve den store breidda og variasjonen som finns i den norske tradisjonsdansen, ein kan difor delta fleire gonger i lagdans. Sidan det i lagdans-klassa er spesifisert at det må vere minst fem par og maksimum 10 par, vil denne regelen gjere det mogleg at lag som før ikkje hadde nok dansepar no kan stille i tevling.

Viss eit lokallag stiller med to lag i lagdans, og eit dansepar manglar ein person, kan ein dansar danse på begge laga.

5. Tevling

- Tevlingsnummer på tevlingar i regi av FolkOrg skal vere folkemusikk som har vore i tradisjonell bruk i Noreg, eller som er laga i tradisjonell stil.

I ein levande tradisjon vil det alltid vere ei blanding av vidareføring og nyskaping. Slik er det også med folkedansen og folkemusikken. Dette er på sett og vis premissa til tradisjonen, der det motsette hadde vore stillstand. Stundom endrar tradisjonen seg i små steg, stundom i lengre steg.

Innanfor det som er "tradisjonell stil" vil det alltid vere stort subjektivt tolkingsrom. Ein hovudtanke er at den nye slåtten eller songen skal ha tydelege trekk frå den tradisjonelle musikken, gjerne frå ein særskild tradisjon. Det skal både rytmisk og tonalt ha eit preg som kan jamstillast andre tradisjonelle slåttar/songar. Det skal ikkje vere overdrive stort preg av musikalske trekk frå andre tradisjonar, som nyare vise- og popmusikk, andre tradisjonar som keltisk, klezmer, osv.

Det vil til ein kvar tid vere dommarnemnda som vurderer og avgjer om eit innslag er innanfor tolkingsrommet av "tradisjonell stil".

6. Dømming

Når ein deltakar melder seg på LK eller LF, godtek ein vilkåra for dømming og såleis dommarane sin dom. Resultatlista er endeleg, og deltakarar har ikkje krav på munnleg attendemelding frå dommarane. Det er ikkje høve til å klage på resultatet eller dømminga. Viss ein deltakar vil klage på reglementet eller andre formalitetar ved tevlinga, kan dette takast opp med styret i FolkOrg.

Dommarane er lojale mot kvarandre, og stiller seg samla bak resultatlista. Ingen interne diskusjonar skal diskuterast med andre personar, verken under eller etter arrangementet.

Viss ein dommar har lyst til å gje attendemelding og råd som ein trur ein deltakar kan ha nytte og glede av, er det viktig at dette vert formidla som den einskilde dommar si personlege meining.

B. Landskappleiken (NM i folkemusikk og folkedans)

10. Klasseinndeling under Landskappleiken

- Klasse C og junior for deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 år til og med det kalenderåret dei fyller 18 år. Utøvaren kan velje om dei vil stille i klasse B eller klasse C det kalenderåret dei fyller 18 år.
- A-klassingar som ikkje har stilt opp på Landskappleiken på over fem år, kan velje om dei deltek i klasse A eller klasse B. A-klassedansarar kan stille i B-klassa dersom dansepartnar ikkje er kvalifisert til A-klassa, men vedkommande kan ikkje tillegg stille i A-klassa med same dans.

- Ein kan ikkje stille i både klasse B og klasse C under same arrangement. Til dømes kan Marie stille i både dans fele B og vokal B det kalenderåret ho fyller 18 år, men Marie kan ikkje stille i dans fele B og i vokal C på same kappleik.
  Når ein deltakar fyrst har valt ei klasse, må ein halde seg til denne klassen.
- Denne regelen har vore praktisert, men aldri presisert i tevlingsreglementet. Til dømes kan Ingrid stille med runnom i dans fele A med Hanna, og med pols i B-klassa med Joakim. Men Ingrid kan ikkje stille i A- og B-klassa med pols, då det ikkje er lov å stille med same type dans i to klasser.

11. Tevling i spel

- Utøvarane kan spele to slåttar eller fleire slåttar i to kuler med maksimum fem minutt speletid per kule. Dei skal leggjast vekt på å syne rikdom i slåttetilfang og bør spele slåttar i ulik taktart, eller med ulik karakter. Ulik karakter kan til dømes vere ulike stille, oppbygging og uttrykk.

Det er viktig å hugse på at det i visse tradisjonsområder er mindre mangfald av slåttar i ulike taktarter. Det er til dømes stor overvekt av springarar i Valdres, og i Setesdal er det berre tradisjon for gangar. Om ein utøvar deltek på tevling med til dømes to gangarar er det ikkje grunnlag for trekk i poengsum. Men utøvaren kan med fordel vele slåttar med ulik karakter og uttrykk for å vise spenn og breidde.

I klassa eldre folkemusikkinstrument vil vi presisere at instrumenta som stiller i klassen må ha vore i bruk i norsk tradisjon.

11. Tevling i spel
Dansespel

- På Landskappleiken er det faste dansespelprisar for både dans til fele, dans til hardingfele og halling.
- Det er dansedommarane som deler ut prisane til beste dansespel.

Denne prisen vart oppretta for å synleggjere og gjere stas på utøvarar som spelar og syng til dans. Det er ikkje satt noko grense på antal utøvarar som spelar eller syng til danseinnslag, og det kan godt vere både lag eller/og solist.
Godt dansespel er viktig då det er ein essensiell del av vår kulturarv der ein nyttar levande musikk til å praktisere og utøve tradisjonsdans. Prisen for beste dansespel går til eit innslag, uavhengig av instrumenttype(r) eller om det er solist eller lag/gruppe.

13. Tevling i dans
Pardans

- I pardans kan ein delta med to dansar i same klasse, uavhengig av taktart. Om ein stiller med to dansar i same taktartar, må dansane vere ulike. Dansar i ulik taktart kan vere frå same tradisjonsområde.

Endringa i dette kulepunktet kom for å stimulere til større deltaking, særskild for dans fele som har opplevd ei halvering i deltakartal gjennom dei siste 15 åra. Tanken er at det skal vere mogleg å stille opp og dermed få vise fram dansar frå fleire plassar i landet. Med ulike dansar så meinast det at ein ikkje stiller opp med t.d. springleik frå Vågå og springleik frå Lom, eller runnom frå Trysil og runnom frå Engerdal, men at dersom ein ynskjer så kan ein stille opp med springleik frå Sør–Fron og rørospols. Dersom dansarar stiller opp med dansar som dommarane meiner er for like, så vil det eine danseinnslaget bli "ikkje dømt". Dansar i ulik taktart kan vere frå same tradisjonsområde, slik som det tidlegare har vore praktisert.

15. Finale under Landskappleiken

Det er forventa at deltakarane presenterer det som skal framførast i spel- og vokalklassene i finalane, men for finalistar i danseklasser er det ikkje krav om å presentere innslaget.

I presentasjonen får deltakaren ein god moglegheit til å gje dommarar og publikum eit innblikk i korleis dei har vald ut og jobba med materiale dei skal framføre, og eventuelt noko om historia til slåtten/songen eller informasjon om komponisten og/eller kjelda.

Presentasjonen er ei innleiing til sjølve innslaget. Det er kun det musikalske innslaget som blir vurdert av dommarane.

Styret har bestemt at det skal vere finale i desse klassane frå Landskappleiken fram t.o.m. 2029:

2022: Durspel (KP) og spel fele (KP)

2023: Eldre folkemusikkinstrument (KP) og halling (KP)

2024: Vokal (KP), spel hardingfele, durspel

2025: Dans hardingfele (KP), spel fele, eldre folkemusikkinstrument

2026: Dans fele (KP), halling, vokal

2027: Spel hardingfele (KP), eldre folkemusikkinstrument, dans hardingfele

2028: Durspel (KP), halling, dans fele

2029: Spel fele (KP), vokal, dans hardingfele

KP = Blir søkt om kongepokal i denne klassen

C. Landsfestivalen i gammaldansmusikk (NM i gammaldans)

17. Tevlingsnummer på Landsfestivalen

Under Landsfestivalen spelar ein den eldste gammaldansmusikken frå eit tradisjonsområde innanfor den avgrensinga som er gjeven i kap. 5. Det skal spelast dansbar musikk.

Her brukast omgrepet "den eldste gammaldansmusikken". Dette står med bakgrunn i at gammaldansomgrepet er stort og omfattar mykje ulik musikk. "Den eldste" er brukt her for å vise til at LF ynskjer å fremje dei gammaldansslåttane som kom, vart etablert og vart utvikla i Noreg frå midten av 1800-talet og utover. Gammaldansen på LF har som funksjon å vere dansemusikk der det vert dansa pardans av typene reinlender, vals, polka eller masurka. I nokon områder er det tradisjon å danse pols i staden for masurka.

Med omgrepet gammaldans er det også naturleg å nemne runddans.

Det vil til ein kvar tid vere dommarnemnda som vurderer og avgjer både om innslaget er innanfor det ein reknar som "den eldste gammaldansmusikken" og om innslag er innanfor tolkingsrommet av "dansbar musikk".

Merk det som står under punkt 5 når det gjeld repertoar:

I ein levande tradisjon vil det alltid vere ei blanding av vidareføring og nyskaping. Slik er det også med folkedansen og folkemusikken. Dette er på sett og vis premissa til tradisjonen, der det motsette hadde vore stillstand. Stundom endrar tradisjonen seg i små steg, stundom i lengre steg.

Innanfor det som er "tradisjonell stil" vil det alltid vere stort subjektivt tolkingsrom. Ein hovudtanke er at den nye slåtten eller songen skal ha tydelege trekk frå den tradisjonelle musikken, gjerne frå ein særskild tradisjon. Det skal både rytmisk og tonalt ha eit preg som kan jamstillast andre tradisjonelle slåttar/songar. Det skal ikkje vere overdrive stort preg av musikalske trekk frå andre tradisjonar, som nyare vise- og popmusikk, andre tradisjonar som keltisk, klezmer, osv.

Det vil til ein kvar tid vere dommarnemnda som vurderer og avgjer om eit innslag er innanfor tolkingsrommet av "tradisjonell stil".

19. Tevling i spel

- Det skal vere dansekompetanse i dommarpanelet i alle seniorklassene.

Det er viktig at det finns dansekompetanse i alle domsnemndene, då danseappell og dansbarheit skal stå i fokus i tevlinga.

19. Tevling i spel
Gruppespel

- Grupper er definerte som minst fire personar.
- For grupper er det ingen avgrensingar med omsyn til instrumenttypar.

Denne klassa er meint for dei tradisjonelle gammaldansorkestera. Det stilles ingen krav til instrumentering i denne klassa, heller ikkje komp. Om ein stiller med komp blir det oftast brukt gitar og kontrabass, men det kan sjølvsagt også nyttast andre instrument som til dømes piano, trøorgel, cello og harpeleik.

Viss ei gruppe har fem eller fleire personar på same instrument (feler/hardingfeler/durspel/trekkspel) høyrer gruppa heime i lagspel-klassene.

I klassa for gruppespel skal det leggjast vekt på godt samspel, dansbarheit, god presisjon og instrumental meistring. Er det til dømes samsvar mellom vanskegraden på slåtten og dei musikalske og tekniske ferdigheitene til dei som spelar? Kommuniserer spelarane musikalsk? Desse vurderingane må gjerast gjeldande for både komp og melodiførande instrument. Det er heilskapen av samspelet som skal vurderast.

19. Tevling i spel
Samspel senior

Der klassa for gruppespel naturlegvis er tiltenkt grupper, er det i klassa for samspel senior fokus på samspel i duoar og trioar. I klassa for samspel skal det leggjast vekt på godt samspel, dansbarheit, god presisjon og instrumental meistring. Er det til dømes samsvar mellom vanskegraden på slåtten og dei musikalske og tekniske ferdigheitene til dei som spelar? Kommuniserer spelarane musikalsk? Det er heilskapen av samspelet som skal vurderast.

19. Tevling i spel
Solo andre instrument og vokal

Klassa er for vokal og alle instrument utanom fele/hardingfele, durspel og trekkspel, og har ingen avgrensingar for type instrument. Ein kan kun delta med eitt instrument per startnummer. Til dømes kan ein stille med gitar eller med song, men ikkje med song akkompagnert av gitar.

20. Tevling i dans
Lagdans junior og senior

Det er ikkje finale i lagdans på Landsfestivalen.

21. Finalar i spel under Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Angåande repertoar i spel-finalane på Landsfestivalen i gammaldansmusikk:

- I tevlingsreglementet står det ikkje spesifisert at ein utøvar som skal spele i finale på Landsfestivalen i gammaldansmusikk skal spele ein av kvar av dei fire ulike runddanstypane. Men det står at ein skal leggje vekt på å syne rikdom i slåttetilfang og bør spela slåttar i ulik taktart eller med ulik karakter. Ulik karakter kan til dømes vere ulike stille, oppbygging og uttrykk.
- Gjeldande praksis er at utøvarane spelar ein av kvar av dei fire ulike runddanstypane. Dersom ein utøvar likevel vel å bruke to av same type, så skal desse ha tydeleg ulik karakter. Om det er ganske lik karakter på slåttar av same type så bør dette trekkast for.

D. Samanslegne arrangement – Landskappleiken

D. Samanslegne arrangement - Landskappleiken

Dette tevlingsoppsettet og desse tevlingsreglane kan nyttast dersom ein eit år berre har arrangør til anten Landskappleiken eller Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Namnet på arrangementet skal vere Landskappleiken. I tevlingsreglementet nyttar ein uttrykket «samanslegne arrangement».

Viss FolkOrg eit år manglar arrangør til anten Landskappleiken eller Landsfestivalen, vil FolkOrg gå i dialog med lokal arrangør av det andre arrangementet for å diskutere gjennomføringa av eit samanslege arrangement.

23. Tevlingsnummer på samanslegne arrangement

Under det samanslegne arrangementet kan ein både spele, syngje og danse til bygdedansmusikk og dei eldste gammaldansformene frå eit tradisjonsområde innanfor den avgrensinga som er gjeven i kap. 5.

I klassene for solistar er det berre mogleg å delta med eit startnummer. Ein kan stille med både bygdedansmusikk og gammaldansmusikk på same startnummer. Til dømes går det an å spele både reinlender og hallingspringar på same startnummer i klassa for durspel.

3. Ansvarsfordeling mellom dommarar og styret i FolkOrg under Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Det er styret i FolkOrg som utnemner dommarar til Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

Det er dommarane som har det fulle og heile ansvaret for dømminga, inkludert tolking av reglementet. Dommarane dømmer på bakgrunn av følgande tre dokument:

- Tevlingsreglement
- Utfyllande notat om forståing og praktisering av tevlingsreglementet
- Dommarskjema med rettleiing

FolkOrg arrangerer dommarmøter i forkant av tevlingane kor ein går gjennom tevlingsreglement, forarbeidet til tevlingsreglementet og dommarskjema med rettleiing, samt praktiske sider ved dommargjerninga. Her er det rom for å stille spørsmål om reglementet. Utover dommarmøtet, er ikkje styret i FolkOrg involverte i dømminga.

Styret i FolkOrg stiller seg bak dommarane si dømming, og skal ikkje overprøve dommarane sine avgjersler.

Undervegs i arrangementet skal styret i FolkOrg kun koplast på ved desse tilfella:

- Dommarane er einige i at det har vore eit brot på tevlingsreglementet. Styret får da ansvaret for den praktiske handteringa av dette.
- Ved handtering av inhabilitet i dommarpanelet.

Rutine for når styret i FolkOrg skal involverast

Om det er situasjonar som gjer at dommarane meiner at dei bør kontakte styret i FolkOrg, så skal dei fyrst ta kontakt med kappleiksrådgjevar i FolkOrg. Domsnemda forklarer situasjonen til kappleiksrådgjevar, og hen avgjer om styret skal koplast på, eller om domsnemda bør prøve å handtere saken/situasjonen på eigenhand.

I tevlingsreglementet §A3 står det mellom anna at:

- Styret i FolkOrg er hovudansvarleg for reglementet og har det avgjerande ordet i eventuelle tvistar i samband med reglementet.
- Styret i FolkOrg kan gjere unntak frå dette reglementet ved einskildvedtak.

Døme på situasjonar kor styret i utgangspunktet ikkje blir involvert:

- Spørsmål som omhandlar tolking av tevlingsreglement knytt til framføringar under tevling.
- Dommarpanel som har vanskar med å einast om resultatet.